

Saneringsnytt nr 1 2004

Prisar

Etterspørselen etter friske geiter aukar. Det er i vår mange fleire som vil skaffe seg friske geiter, og mange av dykk som har noko å tilby har fått avsetning. Framleis heng nokre område att, men det er berre eit tidsspørsmål før alle kan få selt dyr.

Prisen på kjea har ikkje vore lett å fastsetja, og det ser ut til at det snøgt kan bli svært ulike prisar dersom det ikkje kjem rettleiande prisar, eller måtar å rekne ut prisen på.

Det vi har kome fram til no, er pris etter vekta på kjeet. Dette har to fordeler. Det eine er at det liknar på systemet ved omsetning av kalv. Det andre er at de då kan få betalt for den innsatsen de legg inn når det gjeld fôring og godt oppdrett. Det må også fastsetjast ei minstevekt i forhold til alderen på kjeet.

Ein måte å rekna ut prisen på er slik:

Utrekning av pris på friske kje

	Pris
Ved fødsel	150,00 kroner
Avhorning.....	??
Pr kg vektauke	37,00 kroner
Minimum vektauke pr dag ..	200 g

Prisane kan diskuterast, men prinsippet skulle vera bra. Eg har laga eit lite rekneark for lett å kunne rekne ut desse prisane, og det kan de få om de ber om det.

Oppdrett av kje dei fyrste åra etter sanering

CAE-virus kan vera svært vanskeleg å oppdage, sjølv om ein tek prøver ofte. Grunnen er at nokre dyr ikkje dannar antistoff mot virus før dei er mange år gamle. Då kan dei gå rundt med virus i kroppen utan at vi er klar over det. Dersom dei overfører dette viruset vidare til avkommet, kan vi risikere å sjå at desse kan teste positivt.

Vi kan altså ikkje vera heilt sikre på at dyr som stadig testar negativt verkeleg er fri CAE-virus. Konsekvensen av det er at vi må halde ein viss beredskap i dei nærmaste åra. Nyfødde kje skal ikkje vera saman med vaksne geiter meir enn høgst nødvendig. Vi kan tillate at dei får råmjølk hjå mor si, men det må sikrast mot at dei syg andre geiter. Det sikraste vil vera å halde fram med kuråmjølk. **I sugeperioden må kje vera minst mogeleg saman med vaksne geiter, og ikkje meir enn fyrste levedøgnet.** Denne måten å oppdrette kje på må halde fram inntil resultat frå prøvetaking og eventuelle andre opplysningar tilseier noko anna.

Aukande interesse for friskare geiter

Resultat frå, og aukande kjennskap til prosjektet har resultert i at det er fleire som vil sanere og som er interesserte i å læra meir om det. Nokon har teke til, i forskjellige område av landet. Desse vil få interessa opp hjå andre, og det kan sjå ut til at det dei nærmaste åra blir mange som set i gang med sanering. Det blir møte om sanering i Sogn og Fjordane, Sunnmøre, Nordland, for å nemne nokon av desse stadene.

”Målrettede virkemidler for geitholdet” - positivt for helsearbeid – inndeling i geografiske område er negativt

Det har kome ei innstilling om målretta verkemiddel i geitehaldet. Dei fleste kjenner sikkert til dette, og utgreiinga ligg på internett: http://odin.dep.no/archive/ldvedlegg/01/32/Rapp_051.pdf

Det ser ut til at arbeid med å gjera geitehelse betre har fått full oppslutning. Men derimot er det langt att til at geografikunnskapane til dei som har skrive dette er gode nok. Tre av deltakarane i prosjektet er råka dersom alternativ 2 det blir vedteke. Dei skal då f eks ikkje få auke kvota si. Det er sjølv sagt ikkje akseptabelt at interesserte og dyktige produsentar skal bli behandla slik, og vi må tru at soneinndelinga går ut av verkemiddellista.

Meir kartlegging og sanering

TINE mastittlaboratoriet Molde får no inn tankmjølkprøver og vil før påske ha oversikt over CAE-status hjå mange buskapar og hjå dei fleste i løpet av april. Byllesjuke tek vi prøver av i dei buskapane som ikkje har symptom på dyra. Paratuberkulose-testing må gjerast i buskapar som skal sanere. Det vil ha betydning for saneringsopplegget om denne sjukdommen blir påvist. Vi vil no i vår laga opplegg for sanering i to buskapar med paratuberkulose. Dette gjer vi i nært samarbeid med forskarar på Veterinærinstituttet.

Forståelse hjå styresmaktene – løyvingar blir knytt opp mot helsearbeid

Det ser ut til at saneringsprosjektet har påverka styresmaktene slik at det tek til å bli ein del av landbrukspolitikken retta mot geit. Innovasjon Noreg er f eks blitt klar over kva som føregår, og det er teikn som tyder på at det vil bli sett som vilkår ved løyvingar til geitebruk at dei er med i helseprogram. Det er såleis mange ting som pekar i retning av at det blir meir smittesanering i tida framover.

Avl/semin

Av Ingunn Nævdal

Resultatene fra seminforsøkene i 2003 er ikke offentliggjorte ennå, men foreløpige resultater ser ut til å fremdeles være svært varierende og i snitt litt bedre enn året før. Likevel tyder det på at vi må fortsette med utprøving og forskning før vi er på et akseptabelt nivå resultatmessig.

Deltakerne i "Friskere geiter" har også i år fått tilbud om å delta i seminforsøk. På Geno Hallsteingård Seminstasjon er de nå i ferd med å avslutte sæduttaket av bukker som kommer fra besetninger som deltar i "Friskere geiter". Bukkene har ingen egen indeks, men ble plukket ut på bakgrunn av avstamming og eierens egenrevisning av bukkens eksteriør. Bukkene har stått på stasjonen siden januar og det er produsert til sammen ca. 500 doser til forsøk i tillegg til 360 doser for tradisjonell metode. Det neste forsøket vil fokusere på brunsttesting, annen stråtype og økt viskositet (økt konsentrasjon av sæd i strået).

Avlspopulasjonen av geit i Norge er i utgangspunktet liten. I en tid med sykdomssanering, som på sikt forhåpentligvis vil omfatte hele geiteholdet, blir det ekstra viktig å bevare en genetisk variasjon i populasjonen og ta vare på "de gode genene". I den sammenheng er det aktuelt å snappe bukker etter eliteparinger og samle disse i en egen fjøs for smittefritt oppdrett områdevis. Bukkene stilles til kåring og de beste settes inn til semin. Slektskap blir da viktig å ta hensyn til.

Vi vil oppfordre til at dere som har bukkering i nærheten ser på muligheten for slike oppstallingsstasjoner av bukker innenfor et "geiteområde" og mulighetene for å få økonomisk støtte til dette. Etter at opplegg er skissert lokalt kan det organiseres videre i samarbeid med prosjekt "Friskere geiter" og NSG Semin AS.